

**Merknader og protest til 3.gongs planframlegg for reguleringsplan FV 404 Kvamme – Fossevatnet.**

Fylkesveg 404 har i 39 år vore vår nærmeste nabo.

Vi har i årevis vore positive og sett fram til at vegen i Kvamsliane og vidare utover eingong skulle verta utbetra og sikrare for fotgengrarar og andre vegfarande. Vi har også vore pådrivarar saman med andre for å få fram ei tenleg løysing på vegsida og i høve til annan infrastruktur, som framføring av offentleg vatn og nedlegging av høgspentlinja i grøft langs vegen.

Vi synes derfor det er veldig bra at arbeidet med reguleringsplanen no er kome godt i gang, og vi var stort sett positive til dei føreslårte løysingane i høyringsrunde 2.

Men framlegget som no ligg føre i 3.høyringsrunde, kan vi på ingen måte akseptera i høve til dei endringar som er gjort på vår eigedom, gnr/bnr 141/17.

**VÅR EIGEDOM**

Eigedomen vår ligg i eit område som i kommuneplanen er sett av til bustader på begge sider av FV404 og eit næringsområde på øvre sida ved butikken. Det vil derfor vera naturleg at kommunen her legg opp til å godkjenna auka busetnad og næringsaktivitet i åra frametter.

Me har i tidlegare høyringar bede om at vegplanen må leggja til rette for stadleg tilpassing, slik at lokalmiljøet og eigedomane langs vegen i størst mogleg grad vert tatt vare på.

Vi finn ikkje at dette er vektlagt i det heile for vår eigedom i det siste planutkastet, då dei tilrådde inngrepa på eigedomen vår er svært store og mykje større enn tidlegare foreslått. Det vert no lagt til grunn at vegutvidinga einsidig er planlagt lagt inn på vår eigedom.

Då vi bygde huset i 1981 var plankravet at det måtte vera 12,5 meter frå midten av vegen til huset. I dag er krava minimum 15 meter. Korleis de no kan foreslå at vegen skal flyttast ca. 5 meter nærmare husveggen, skjønar me ikkje i det heile, då det er god plass på andre sida av vegen.

På karta er gamlehuset teikna feil og viser ikkje at det har eit utbygg mot vegen på austsida.

Slik me ser det no er vegen planlagt gjennom dette huset, noko som vil medføra at huset må rivast. Dette huset er flytta frå garden på Kvamme, 141/3, og utgjer halvparten av eit langhus som låg der. Tømmeret er truleg frå 1700-talet og huset er særskilt verdfullt for oss og familien. Me krev at vegen vert flytta minst 3 meter frå dette huset.

Det er vidare heilt uforståeleg at vegutvidinga ved det gamle krysset til Kvamsvågen må planleggjast med 2 køyrebaner inn på vår eigedom. Dette øydelegg totalt for moglege framtidige planar om å utnytta nordre del av tomta til bygging av tidlegare godkjent garasjeanlegg og eventuelt bustader.

Vi ser og at våre interne vegar og avkjørsler på eigedomen ikkje er inntekna på kartet i det heile. I alle år har me hatt vegtilkomst frå fylkesvegen og inn på eigedomen vår nordom gamlehuset. Me har i tidlegare merknader bede om at denne avkjøyringa vert flytta lengre nord på tomten. Dette er det ikkje teke omsyn til i framlegget. Vi ber om at denne avkjøyringa hermed vert tatt med i planen. Grunna store høgdeskilnader i terrenget på eigedomen og tilkomst til øvre del av eigedomen er denne vegen mykje brukt, og særskilt viktig i tilknyting til begge husa.

Dersom vi ikkje får ei ny avkjøring frå FV404 med tilknyting til øvre del av tomta vår, vil vi krevat det må opparbeidast veg med universell stigning frå den kommunale vegen og fram til gamle

huset og øvre del av eigedomen, noko som vil verta dyrt og teknisk vanskeleg.

Vi ber dessutan om at den biten som ligg att av den gamle vegen i det gamle krysset mot Kvamsvåg, og som er foreslått til fortau, vert lagt att, og at eit nytt fortau vert opparbeidd langs den nye avkøyringa på kommunevegen.

Vi vil og hevda at planframlegget legg opp til forskjellsbehandling då det er skilnad på kva løysingar som vert tilbydd andre stader og ikkje hjå oss..

Inngrepa som er foreslått på vår eigedom er totalt sett så øydeleggjande og omfattande, at dei bumessige verdiane og høve til vidare utvikling av eigedomen vert sterkt forringa, og vil i stor grad bli øydelagt for all framtid.

## **VEGBREIDDE**

Fartsnivå og trafikkmengde har siste åra auka vesentleg på eksisterande veg, men FV 404 er ikkje/vil aldri bli nokon hovud-/samleveg, og bør derfor byggjast ut med redusert breidde der terrenget og busetnad ligg tett inn til vegen.

Vi ber derfor om at vegbreidda vert sett til 1 felt med 5,0 m for bilveg og 2,0 - 2,5 for fortau, og kan ikkje godta foreslått vegbreidde på 6,5 meter køyrebane og totalbreidde på 9,75 meter. Det er med undring vi ser at det vert lagt opp til så høg standard og så stor vegbreidde på det vanskelegaste topografiske partiet på heile strekninga frå Alver til Fosse Vegstandarden på vegstrekket innanfor, frå Kvamme til Alver, ikkje har same høge standard og vegbreidde. Dette strekket har ikkje eingong 5,0 meter i vegbreidde på heile strekket. 1-felts-veg gjev i lovverket større høve til fleksibilitet og lokale tilpassingar, og vil bety eit mykje mindre inngrep hjå oss.

## **STØY**

I tillegg til eit stadig meir plagsomt generelt støynivå frå aukande trafikk på vegen, har dette vorte meir forsterka etter at kommunen sette opp ein mur på oppsida av vegen i samband med nedlegging av vassledning for nokre år sidan. Denne muren reflekterer bilstøyen sterkare enn før ned til oss.

Vi har ikkje sett at kommunen har drøfta/varsla oss eller andre om løysingane som vart valgt for muren eller installeringa av vassleidninga i borehol, slik den ligg i dag. Vi finn det derfor rimeleg at desse installasjonane ikkje får større vektlegging i argumentasjon for plassering av vegen enn omsynet til bumiljøet på vår eigedom.

## **AVKØYRINGAR**

Viser til forslag om avkøyring til byggjeområdet på oppsida av FV404 og avkøyring til næringsområdet/butikken i sør. Desse må samlast i ei avkøyring. Ved å byggja vegen frå avkøyringa til næringsarealet i lag med eit utvida fortau, vil ein få eit meir meir skånsamt inngrep på vår eigedom utan at standarden på vegen vert monaleg därlegare.

Vi kan ikkje godta at bustadområdet og næringsområdet på oppsida av vegen skal fritakast for alle arealinngrep med vegen og få særvilkår med omsyn til avkøyringar, og vi skal sitja att med eit stort inngrep på vår eigedom utan nokon avkøyring i det heile.

Framlegget inneholder dessutan tett med avkøyringar på fortausida langs vegen, og mange av desse skulle ikkje vore godkjende slik planen legg opp til, då reguleringsplanen ikkje syner siktkrava ved kryssing av fortaua.

## **HØGSPENTLINJA**

Me ynskjer sterkt at høgspentlinja i buområdet her vert lagt i kabel i veggrøfta og at kommunen tilrettelegg for det. 22-kV-linja frå Kvamme til Furhovden er så gammal, at den snart må fornyast uansett.

Grunna dei uheldige konsekvensane av det nye forslaget på vår eigedom ber me ut frå dette om eit møte med Lindås kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune straks etter påske, der vi og får lagt fram og drøfta våre synspunkt og krav om endringar. Vi vonar dette let seg gjera. Om ikkje så ber me om snarleg tilbakemelding i god tid før endeleg avgjerd vert tatt i saka.

Med helsing

Gro Hjellvik Jordal og Arnljot Jordal